

Referat lokalt ID-møte	2
Uttale AMU	12
Uttale HVO	21
Uttale SL	22
Uttale Kvam-Akademikerne og UDF alt 3	23
Uttale AMU alt 3	26



Hordaland fylkeskommune  
v/Odd Bjarne Berdal  
kopi til: Guro Kjeller og Roald Orvedal

Dato: 14.desember 2018

**Uttale til «Arealanalyse Kvam vidaregåande skule» frå ID ved Kvam vidaregåande skule**

På møta i info/drøfting ved Kvam vgs deltek rektor, Ingebjørg Bakke, frå arbeidsgjevar. Frå arbeidstakarorganisasjonane deltek:

**Utdanningsforbundet/Bibliotekforbundet/Delta:**

Oddbjørn Berge, **19 medlemmer** frå begge avdelingane

**Akademikerene:**

Tormod Lunestad, **8 medlemmer** frå begge avdelingane.

Frå 6. desember deltek og:

**Skolenes Landsforbund/Norsk sykepleierforbund og NITO:**

Olgar Neteland, **5 medlemmer** frå avdeling Norheimsund.

Det har vore 3 ATV møte i haust utanom møtet i dag 14.12. I alle møta har ein teke opp arealanlysen frå Norconsult som sak.

Rektor har i desse møta hatt ein rolle der ho ikkje legg vekt på å styre prosessen, men lagt til rette for at dei tilsette skal kome med innspel og spørsmål.

HFK ber om ein uttale frå ID, og tilbakemeldinga frå dei tilsette kjem fram gjennom vedlegga til dette skrivet. Det vil vera naturleg i dette fora at ID seier noko om kva dei tilsette meiner om alternativ A, B og 0.

Skulen fekk (pr. e-post korrespondanse) dette oppdraget frå opplæring ved regionsleiar Odd Bjarne Berdal:

«Innspelet frå organisasjonane må utifrå sitt perspektiv vurdere alternativa med tanke på det å drive ei pedagogisk verksemeld som ein skule er».

Øystese 14. desember

Ingebjørg Bakke

Ingebjørg Bakke

Rektor

Vedlegg: uttale frå ovanståande arbeidstakarorganisasjonar

Uttale frå Utdanningsforbundet, Delta og Bibliotekarforbundet ved Kvam vgs.

## 1. Bakgrunn

I samband med Norconsult sin arealanalyse og innspelsprossen i etterkant, er dei tillitsvalde gjennom Info/drøftingsmøtet bedne om å koma med ein uttale på vegne av medlemmene. Denne uttalen er på vegne av dei tilsette i Utdanningsforbundet, Delta og Bibliotekarforbundet. Utdanningsforbundet har 16 medlemmer ved Kvam vgs., Delta har to medlemmer og Bibliotekarforbundet eitt medlem. Av desse har 12 hovudarbeidsstad ved avd. Øystese og 6 har hovudarbeidsstad ved avd. Norheimsund. Eitt medlem jobbar like mykje på begge avdelingar. Medlemmene er blitt bedne om å ta stilling til tre alternative løysingar:

**A:** Samling av all verksemd i Øystese, med unntak av store verkstadar. Verkstadar til TIP, evt. også EL vert behalde i Norheimsund. Resten av bygningsmassen i Norheimsund vert fristilt.

**B:** Samling av heile skulen i Norheimsund. Fristilling av heile bygningsmassen i Øystese.

**O:** Som i dag. Kvam vgs. opprettheld dagens ordning for yrkesfagleg utdanning og studiespesialiserande utdanning.

## 2. Medlemmene sitt syn på alternativa A og B i Norconsult-rapporten

Norconsult konkluderer med etter ein gjennomgang av begge lokalitetane at alternativ A er den beste løysinga. Medlemmene som arbeider på yrkesfaga meiner dette er ei dårlig løysing som vil ha store negative konsekvensar både for rekrutteringa til faga og det psykososiale arbeidsmiljøet til elevar og tilsette som vert att i Norheimsund. TIP/PIN- og elektro-elevane vert minst 3 av dagane i veka ei lita gruppe utan kontakt med resten av elevane. Dei tilsette på desse faga får også liten kontakt med andre tilsette. I forslaget er det heller ikkje sett av plass til teorirom, IKT-tilbod, kantine eller arbeidsrom til lærarane i Norheimsund. Dette er ikkje foreinleg med at yrkesfag er eit satsingsområde for fylket. Ein fryktar for at tilbodet i Nhs. kan bli nedlagt etter kort tid med denne løysinga. Ein meiner at alle elevar og tilsette bør samlast på ein stad, og føretrekkjer derfor alternativet der all verksemd vert samla i Norheimsund (B), eller at ein held på den organiseringa ein har i dag (O).

Fleirtalet av dei tilsette som underviser på studiespesialiserande meiner den tilrådde løysinga (A) er å føretrekkja, sjølv om dette er ei delt løysing med dei ulempene dette medfører. Grunnen er at ein ser på ulempene ved ei samling av all verksemd i Norheimsund (B) som langt større. Dette er grunngjeve med at bygningsmassen der har store manglar, m.h.t. mellom anna spesialrom, undervisningsrom for store klassar og idrettsfasilitetar. Fellesrom som kantine og bibliotek vert også for små. I tillegg har skuleanlegget ei lite tenleg utforming og ei usentral plassering. Sjølv med større investeringar i bygningsmassen i Norheimsund, vil ein framleis ikkje ha løyst problema knytt til manglande idrettsfasilitetar og den usentrale plasseringa. Med tanke på at det kome signal om at samlokaliseringa har moderate økonomiske rammer, meiner ein at det er uunngåeleg med ein reduksjon i kvaliteten på tilbodet til meir enn 2/3 av elevane ved Kvam vgs. Med tanke på at det er konkurransen om elevane i regionen, vert ein slik kvalitetsreduksjon særslig uheldig.

Uttale frå Udf, Delta og Bibliotekarf.

### 3. Undersøking blant medlemmene

På grunn av dei ulike syna på rapporten, har medlemmene fått høve til å svara på ei undersøking der dei kunne gi svar på kva for eitt av alternativa ein ser på som det beste. Ein vart beden om å setja alternativa i prioritert rekjkjefylge, men måtte kryssa av for minimum eitt alternativ. Var det eitt eller fleire alternativ ein såg som heilt uaktuelt, trong ein ikkje kryssa av for dette. Å plassera eit alternativ på tredjeplace, er her også tolka som at ein ser dette som eit lite aktuelt.

*Tabell a.*

Alternativ	1. Plass	2. Plass	3.Plass+uaktuelt
A	9	2	2 + 6
B	3	3	2 + 10
0	7	9	1 + 2

Alternativ A er det som flest medlemmer har på 1. plass, medan B er det som færrest ser på som det beste. Dette vert speglar av at B er det alternativet som flest medlemmer ser på som lite ynskjeleg. Mange ser også alt. A som lite ynskjeleg. Ein kan tolka det slik at tala speglar dei ulike syna på samlokaliseringa og kva arbeidssstad ein har. Det er verdt å merka seg at få utelukkar 0-alternativet. Mange ser på dette som ei aktuell løysing, enten som fyrste eller andre alternativ.

Den relativt store motstanden mot alternativ B undersøkinga må ikkje tolkast som motstand mot samlokalisering i seg sjølv. Det er manglane ved lokala i Norheimsund som gjer at ein ser på denne som lite aktuell. Ein kan også sjå på motstanden mot alternativ A på same måte. Ein ser ikkje på dette som ei reell samlokalisering, men ei splitting av yrkesfaga. Verken A eller B vert sett på som fullgode løysingar, og ein vel derfor det alternativet som ein meiner har minst konsekvensar for elevane og det som ein ser som det beste for å driva pedagogisk verksemd.

### 4. Konklusjon

Resultata av undersøkinga gjer det vanskeleg å trekka ein klar konklusjon. Eit tydeleg trekk er at alt. B ikkje er føretrekt av fleirtalet av medlemmene. Alt. A er det som har størst oppslutnad, men dette har også mange motstandarar blant yrkesfaglærarane, som jo er dei som vert mest påverka av ei slik løysing. Om samlokalisering skal skje no, kan tala i undersøkinga kan gi støtte til ei løysing som ikkje er vurdert av Norconsult, nemleg samlokalisering av all verksemd i Øystese, også verkstadene. Dette kan løysast ved at det vert tilrettelagt for elektrofaga i eksisterande bygg i Øystese og at TIP/PIN får nye lokale i nærliken av eksisterande bygg. Ein har fått signal om at flytting av verkstader har vore sett på som lite aktuelt på grunn av kostnadene dette medfører. Sidan bygningsmassen i Øystese treng relativt lite ombygging, bør ei slik løysing likevel utgreiaast nærare. Om dette ikkje er mogeleg, bør ein vurdera å venta med samlokalisering til ny skule i Norheimsund er på plass.

Kvam vgs. er ein skule som har gode resultat å visa til både når det gjeld faglege resultat, fullføring og trivsel. Samstundes har skulen vore gjennom tøffe omstillingsprosessar dei siste åra som tærer på kreftene til dei tilsette. Det er derfor vanskeleg finna støtte for omstruktureringar der hovudmålet ser ut å vera å spara pengar, og som potensielt kan koma til å redusera kvaliteten på tilbodet til ein større eller mindre del av elevgruppa. Medlemsgruppa ser dei positive verdiane av å bli samla på ein stad, og ser derfor fram til å koma i nytt bygg sentralt i Norheimsund, slik skulebruksplanen slår fast.

Fram til den tid er det viktig å tilby eit så breitt tilbod som mogeleg, og bli gitt mogelegheit til å utvikla og evt. utvida tilboden. Berre slik kan ein få elevane i Kvam og i regionen til å velja den lokale offentlege skulen.

På vegne av medlemmene i Utdanningsforbundet, Delta og Bibliotekarforbundet:

Oddbjørn Berge

- ATV for Utdanningsforbundet ved Kvam vgs. -

Øystese 13.12.18

## Uttale til arealanalysen frå Akademikerne

Akademikerne ved Kvam vgs drøfta arealanalysen 11.12.18.

I utgangspunktet ligg det 3 alternativ føre, A – all teoriundervisning i Øystese og verkstader i Steinsdalen., B – samlokalisering av all undervisning i Steinsdalen og 0 – å fortsetja slik situasjonen er i dag.

*Eit einstemmig klubbmøte ynskjer at fylgjande variant av alternativ A vert vurdert.*

Me har kalla alternativet vårt A2 – all undervisning skjer ved avdelinga i Øystese. For å få til dette må noko av midlane ved sal av avdelinga i Steinsdalen og dermed reduserte driftskostnader, brukast til å setja opp ein *mellombels men tenleg* verkstadhall for TIP/PIN (t.d på parkeringsplassen aust for inngangen) eller leiga eigna lokale i gangavstand frå avdelinga i Øystese. Elektro må og sikrast verkstadrom, til dømes under festsalen.

Klubben meinar at dette alternativet stettar alle dei vesentlege innspela til arealanalysen som er kome fram og klubben peikar spesielt på fylgjande føremuner ved ei slik løysing.

- I. Skulen vert samlokalisert, all undervisning vert helde på ei avdeling. Det vil ikkje vera elevar og lærarar som må pendla mellom avdelingar.
- II. Undervisninga vert samla på den avdelinga som har den beste romløysinga, til dømes er klasseromma, biblioteket og kantina langt betre ved avdelinga i Øystese enn i Steinsdalen. Aller størst forskjell mellom avdelinga er det i kvaliteten på realfagsromma der avdelinga i Øystese nyss har fått oppgradert eit av romma.
- III. Det er idrettshall i gangavstand frå skulen. Satsninga på breidde- og toppidrett kan halda fram.
- IV. Skulen ligg sentrumsnært som vil vera gunstig for rekruttering av nye elevar
- V. Elevane på Helse og oppvekst vil ha gangavstand til institusjonsbesøk

Dersom dette alternativet (A2) ikkje er gjennomførbart meiner eit fleirtal på 5 medlemer at alternativ A med teoriundervisning i Øystese er det beste alternativet. Eit mindretal på 3 medlemer meiner at alternativet 0 å fortsetja som i dag er det beste alternativet. *Ingen* av medlemene ynskjer alternativ B – samlokalisering i Steinsdalen.

Grunngivingane til medlemene for val av alternativ fylgjer i stor grad dei innspela som tidlegare er komne fram i momentlista frå AMU og vert ikkje tekne med her.

For Akademikerne

Tormod Lunestad

FTV

Steinsdalen 12.12.18

**Uttale frå arbeidstakarorganisasjonane Skolenes Landsforbund, SL, Norges  
ingeniør og teknologorganisasjon, NITO, og Norsk Sykepleierforbund, NSF.**

**Sak: Norconsult sin rapport om samlokalisering av Kvam Vidaregåande Skule og  
prosessen etterpå.**

Målet med uttalen er at vårt syn kjem tydleg fram. Det er me ynskjer er å:

- **Gjennom samlokaliseringsprosessen søker etter den løysinga som er best for elevar og tilsette ved Kvam Vidaregåande Skulen, no og i framtida.**
- **Gje elevane ved Kvam Vidaregåande Skule eit breiast mogeleg vidaregåande skuletilbod i eit trygt, felles, sterkt og godt skudemiljø.**
- **Styrkja det pedagogiske og det faglege fellesskapet for alle tilsette på Kvam Vidaregåande Skule.**
- **Få mest mogeleg aktivitet og læring ut av dei tildelte økonomiske ressursane**

For å svara på det som vart etterspurt i OPHE 17.04 (under eigendomsdirektøren si orientering om planane i Kvam) – om administrasjonen har undersøkt om det er mogleg å samlokalisera Kvam vgs i lokala i Steinsdalen. Svaret er: Ja, det er mogleg.

SL. NSF og NITO sin prioritering av dei ulike alternativa:

1. **Samlokalisering av alle tilsette og elevar i same «tun». (alternativ B )**
2. **Kvam Vidaregåande Skule opprettheld dagens ordning for yrkesfagleg utdanning og studiespesialiserande utdanning. (alternativ 0)**
3. **Splitting av yrkesfag, samling av brorparten av verksemda i Øystese og driva dei store verkstadane i Steinsdalen. (alternativ A)**

SL. NSF og NITO sine argument for val av dei ulike alternativa:

1. **Fordelar og ulemper med å samlokalisera alle tilsette og elevar i same «tun», ved Kvam Vidaregåande Skule:**

Samlokalisering har to alternativ. Anten å samle heile skulen i avdeling Øystese eller i avdeling Norheimsund. Begge stader vantar tilstrekkeleg gode fasilitetar til opplæring innan deler av toppidrett og breidddeidrett, då særskilt gjennomføring av Volleyball. Kvam Vgs må i alle høve leige hall hjå Kvam Herad, anten Øystesehallen eller Norheimsund Idrettshall.

Ved ei eventuell samlokalisering i avdeling Øystese er det behov for etablering av tilstrekkeleg gode fasilitetar/verkstader til opplæring av Vg1 TIP ( 30 elevar), Vg2 PIN (15 elevar), Vg1 EL (15 elevar) og Vg2 EL (15 elevar), samt sikra gode fasilitetar til opplæring i toppidrett og breiddeidrett ved å leige hallen i Øystese.

Ved ei eventuell samlokalisering i avdeling Norheimsund viser gjennomgangen at det ikkje er mangel på areal i Steinsdalen, sidan verkstadfløyen til TIP har meir areal enn behovet skissert i FEF. Norconsult skriv i sin rapport at Steinsdalen har funksjonelle manglar. Det ser ut som at dei funksjonelle manglane er ein for liten idrettshall (gymnastikksal) og at ein må leiga Norheimsund Idrettshall hjå Kvam Herad for å sikra gode fasilitetar til undervisning i toppidrett og breiddeidrett .

Dei fleste fordelane ved samlokalisering av Kvam vgs er til stades uavhengig av staden skulen ligg på. Ved ei samlokalisering vil verksemda ha eit rikhaldig utval av lærarressursar til dømes til å dekka vikarar ved sjukmeldingar/sjukdom, pålagt vidareutdanning/kurs og permisjonar. Ein vert meir fleksible og sterkare kring planlegging og organisering av undervisning.

Fellesfaglærarane får eit større fagmiljø. Det ver lettare å gjennomføra pedagogisk utviklingsarbeid og tverrfagleg samarbeid på tvers av ulike yrkesfag og studieretningar. Ein kan tilby elevane fleire ulike valfag/kurs som til dømes teknisk teikning, elektroteknikk og tema innan helsefag. Yrkesfagelevane kan få tilbod om andre matematikkurs. Ved ei samlokalisering vert det lettare for fellesfaglærarane å samarbeide med programfaglærarane om yrkesretting av fellesfaga ved at dei m.a. kan vere saman med yrkesfaglærarane i verkstadane. Prinsippet om at fellesfaga skal tilpassast det enkelte utdanningsprogram er slått fast i forskrift for Opplæringslova, jamfør "Rammeverk for FYR-prosjektet". FYR-arbeidet kan få ein ny start når programfaglærarane og fellesfaglærarane er samla i eit tun og lettare kan samarbeide. Både FYR-satsing og yrkesretting av fellesfag lir litt i dag av at det er nokre fellesfaglærarar som er på skulen i Steindalen berre i enkelte timer, og dei er difor ikkje ein del av skulekvardagen. Avdeling Norheimsund er stolte av å vera med å utdanne fagarbeidarar som kommunen og næringslivet treng. Når ein utdanner fagarbeidarar er det viktig at samarbeidet mellom lærarane fungerer godt. Lærarane er rollemodellar for elevane. For å bli ein profesjonell fagarbeidar er både teoretisk kunnskap, praktiske ferdigheitar og gode haldningar/yrkesetikk viktig. Det er lettare å lage gode lærarteam rundt klassane når skulen er samlokalisert.

Mange elevar ved ein skule, vil trekka til seg fleire. Elevane kan oppleva eit tettare og sterkare fellesskap ved samling i eit tun, og ein vil lettare oppfatte seg som ein skule. Dette kan betra rekrutteringa til Kvam vgs. Alle elevane får tilhøyrighet til ein skule med god struktur og det ligg til rette for å gje elevane eit godt skolemiljø. Alle elvane har lik tilgang til alle felles elevtenester, rådgiving, kontorpersonell, bibliotekar, kantine, helsesøster, psykolog og leiinga ved skulen. Det vert eit elevråd som kan dra lasset i lag, og det blir ei balansert kjønnsfordeling i skolemiljøet for elevane.

Administrativt vert dette ein fordel for både lærarar og elvar i skulekvardagen. Leiinga vert samla på ein stad og det vert lettare å organisera, t.d. kan timeplanane verta betre og det vert lettare å gjennomføra samarbeidsmøte og klasselærarråd.

Det er marginale ulemper med samlokalisering. Nokre elevar kan profittera på eit lite skulemiljø.

## **2. Fordelar og ulemper med at Kvam Vidaregåande Skule opprettheld dagens ordning for yrkesfag utdanning og studiespesialiserande utdanning.**

Ved å oppretthalda dagens ordning går ein glipp av alle fordelane ved samlokalisering. Det kan gje noko meir ro i organisasjonen, men her og må ein søkje saman og finne løysingar som gagnar det pedagogiske utviklingsarbeidet. Det er viktig for skulen i Steinsdalen at den får faste lærarar som vert ein del av det kollektive og ikkje berre timelærarar. Dette viser seg og som ei utfordring i gjennomføring av klasseråd og i samarbeidsmøte. Det vil løysa litt på dei utfordringane me har i dag med yrkesretting av fellesfaga, FYR- satsing.

Ved å oppretthalda dagens ordning vil ein lettare kunna bevara kvar sin avdeling sin eigen kultur, om det i seg sjølv er eit mål, sett i lyset av ein ny skule i 2027. På yrkesfag er det etablert ein kultur, grunna i yrkesetikken i dei ulike yrkesfaga. Denne forståinga av yrkesfag og etikk kan skilja seg frå ein akademisk tilnærming og ein treng samtalar og forståing for dei ulike kulturane.

## **3. Fordelar og ulemper med splitting av yrkesfag, samling av brorparten av verksemda i Øystese og driva dei store verkstadane i Steinsdalen.**

Forslaget frå Norconsult om å splitte yrkesfaga vert opplevd som ein trussel mot yrkesfaga. Ved dette forslaget ser SL ingen fordelar for yrkesfaga i sin heilheit, og særskild ser me mørkt på framtidig innsøking til yrkesfag for dei faga som vert att åleine i Steinsdalen. Fordelane med samlokalisering som skissert under punkt 2 (sjå over) vil ikkje gjelde for opptil 75 elevar og minst 6 lærarar ved yrkesfag. Det vert eit sterkt mannsdominert miljø. Ein av grunnane til at HO i 2006 vart flytt frå Øystese gymnas til Norheimsund vgs. var å få ein betre kjønnsfordeling på Norheimsund vgs. Dette har vore svært positivt for miljøet for elevar og lærarar. Lærarne på HO ynskjer ikkje å verta skilt frå resten av yrkesfaga. Ved å flytte HO til Øystese vert arbeidssituasjonen for yrkesfaglærarane vanskelegare og vil gå utover fagleg og pedagogisk samarbeid, utviklingsarbeid og FYR-satsing. Det er få å samarbeide med og dermed lite fleksibelt. Elevoppfølginga vert svekka ved splitting. Avdelingsleiaren vil ikkje vere til stades store delar av veka. Sjølv om lærarane har kontora sine i avdeling Øystese vil

dei ha det meste av arbeidstida si i Steinsdalen. Lærarane brukar mykje tid på verkstadane til å førebu undervisning og til etterarbeid. Yrkesteori i programfaga er nært knytt til praktiske oppgåver på verkstadane. Det er difor ikkje aktuelt å ha yrkesteori andre stader enn i nærleiken av verkstadane. Vg1 har programfag ca 3 dagar i veka, vg 2 har programfag ca 3,5 dagar i veka. Det betyr at både elevar og programfaglærarar oppheld seg mesteparten av skuleveka i Steinsdalen. Her er det i forslaget ikkje planlagt fellesareal og fasilitetar som t.d. kantine, bibliotek og elevtenester. Dagane i Øystese vert teoritunge med berre fellesfag og dette kan føre til meir fråvære og med det større fråfall. Dei vekene nokon av klassane er ute i YFF vert skulemiljøet endå mindre for yrkesfagelevane som er igjen. For elevane vert skulemiljøet svært mykje därlegare med dette forslaget. Elevane må i tillegg flyttast mellom to ulike skuleområde som ligg 9 km frå kvarandre. For nokon av elevane vert det for lite forutsigbart. Dei misser struktur og kan oppleve seg som "gjester" når dei skal ha fellesfag i avdeling Øystese. Det blir vanskeleg å integrere dei i skulemiljøet og denne løysinga blir, slik me ser det, "planlagt utanforskap" for både elevar og lærarar.

Anbefalt forslag frå Norconsult ser SL på som reduksjon, og på sikt avvikling, av utdanningstilbodet for yrkesfag. Det er då betre at skulen legg ned utdanningstilbodet med ein gang og overlèt det til andre skular, og at Kvam Vidaregåande Skule driv med dei utdanningstilboda dei ynskjer og ser framtid i. Nedlegging av yrkesfag fører til at fleire ungdommar flyttar ut frå kommunen for å få ei fagutdanning og det er ein stor risiko for at mange ikkje flyttar heim att etterpå. Dette vil svekke kommunen og næringslivet. I tillegg ser me at når nokon elevar flyttar vekk for å gå på skule følgjer fleire elevar med. Dette kan difor i tillegg gå ut over elevtalet ved studiespesialiserande tilbod ved Kvam vgs.

#### **Skolenes Landsforbund ynskjer òg å kommentera Norconsult sin arealanalyse av avdeling Norheimsund i Steinsdalen:**

- Ved synfaring på skulen i Steinsdalen hadde ikkje Norconsult med seg «kjentmann», altså ein person som kjenner bygningsmassen gjennom bruk eller vedlikehald.
- Norconsult hadde ikkje med seg oppdatert teikningsgrunnlag av bygningsmassen under synfaringa.
- Norconsult vart ikkje vist rundt i alle rom.
- Norconsult sin rapport inneheld fleire feil om rom og bruken av dei.
- Norconsult har ikkje vurdert mogelege løysingar for å knyta store ledige areal til eksisterande universelt utforma areal.

**Skolenes Landsforbund ynskjer å kommentera Kvam Vidaregåande Skule sitt arbeid i samlokaliseringss prosessen:**

- Odd Bjarne Berdal og Guro Kjellerød skriv i sin PowerPoint 18.08.18; - Viktig at prosessen er open og ærleg. Tilsette ved avdeling Norheimsund tykkjer ikkje openheit og ærleghet har prega prosessen. I starten vart det lagt sterke bindingar og uklare beskjedar kva me kunne uttala oss om og til kven.
- Me får ikkje svar, korkje frå rektor eller Odd Bjarne Berdal og Guro Kjellerød om på kva tidspunkt og av kven forslaget om splitting av yrkesfag kom på banen.
- Me er heller ikkje i noko offisielt møte eller liknande tilstrekkeleg orientert om denne endringa.
- Forslag frå avdeling Norheimsund om samarbeidsgrupper på tvers av fagområde, der ein kunne snakka om og søkje forståing for ulike syn, vart avfeia av avdeling Øystese.
- I samskriving av innkomne synspunkt på samlokaliseringssforsлага til Norconsult frå AMU, kjenner medlemene att synspunkta, men forklaringar og argumentasjonen er i liten grad tatt med. Dette gjer at nokre synspunkt framstår som mindre relevante, og det er uklart kva tyngde dei skal ha i ein uttale frå skulen.

Olgar Neteland, SL

Harry Foss, SL

Johannes Bjørke SL

John Kristian Rykkje NITO

Inger Sofie Moldsvor, NSF



Hordaland fylkeskommune

v/Odd Bjarne Berdal

kopi til : Guro Kjellerød og Roald Orvedal

Dato: 14.desember 2018


**Uttale til «Arealanalyse Kvam vidaregåande skule» fra AMU ved Kvam vidaregåande skule**

Vedlagt fylgjer uttale til Arealanalyse frå Arbeidsmiljøutvalet ved Kvam vidaregåande skule.

Om noko er uklart kan eg kontaktast.

Med venleg helsing

For AMU

  
**Gro Skeie**

Verneombod og leiar i AMU

[groske@hfk.no](mailto:groske@hfk.no)

Tlf 47384941

## Uttale til arealanalyse frå AMU v/Kvam vidaregåande skule

### 1. Bakgrunn

16.august 2018 fekk personalet ved Kvam vidaregåande skule informasjon om at det var kome ei bestilling om å gjera ein arealanalyse med tanke på å kartleggja ei eventuell samlokalisering av avdelingane ved Kvam vidaregåande skule.

Eigendom innhenta tidleg haust 2018 ei arealanalyse frå Norconsult som vurderte to alternativ:

**A:** Samling av all verksemد i Øystese, med unntak av store verkstader. Verkstader til TIP, evt. også EL, vert behalde i Norheimsund. Resten av bygningsmassa i Norheimsund vert fristilt.

**B:** Samling av heile skulen si verksemد i Norheimsund. Fristilling av heile bygningsmassen i Øystese.

**0-alternativet** – lokasjon som i dag: Det er naturleg å ha dette med som eit eige punkt då dette er eit alternativ om fylket ikkje finn det tenleg med alternativ A eller B

### AMU si rolle og tilbakemelding til HFK

AMU har hatt fokus på å vera ein bidragsytar i arbeidet med å sikra tilsette høve til å koma med spørsmål og innspel. Vidare har AMU vald å ikkje ta stilling til lokasjon i innspelet til HFK.

*Innspelet frå AMU omfattar difor:*

- *Kortfatta beskriving av prosessen ved skulen (2)*
- *Oversikt over fordeler og ulemper ved dei tre alternativa (3)*
- *Vedlegg med oversikt over innspel frå tilsette (4).*

### 2. Prosessen lokalt ved Kvam vgs

HFK ba skulen om å gjennomføra ein prosess på saka ved å la dei tilsette få uttala seg. AMU, lokalt ID (info drøfting) og leiinga sette i gang prosessen i samsvar med bestillinga frå HFK. Leiinga skulle ikkje uttala seg i denne omgang. Det vart sett opp ein plan fram mot avgjerd på fylkesnivå. Frist for innspel frå skulen vart sett til 14.desember 2018.

Resultatet av arealanalysen vart førelagt AMU 6.november 2018.

Plan for arbeidet internt i skulen sine organ (fram til 14.des.) vart utarbeida og dei tilsette vart informert om denne tidleg i prosessen. Totalt hadde me om lag 6 veker til den interne prosessen.

Dei tilsette er informert gjennom fleire personalmøte, faget «Arealanalyse» på It's learning (fag der alt om arealanalysen har vorte gjort tilgjengeleg for alle tilsette) og ved referat frå AMU. Det har totalt vorte halde 4 AMU-møte som har handsama saka spesielt. I starten av

**Avd. Øystese**, Nedre Vik 85, 5610 Øystese, tlf (0047) 57305500, [post.oyg@hfk.no](mailto:post.oyg@hfk.no)

**Avd. Norheimsund**, Dalatunvegen 40, 5600 Norheimsund, tlf (0047) 56556500, [post.noy@hfk.no](mailto:post.noy@hfk.no)

prosessen var me usikre på «bestillinga» frå HFK, men fekk etter kvart avklara dette i samarbeid med opplæring og vernelinja.

### **Spørsmål og innspel – metode**

Det har vore lagt vekt på at tilsette skulle ha høve til å spørja og spela inn moment fritt. Innspel kunne spelast inn i høve dei tre alternativa, eventuelt andre ting som kunne ha betydning for saka.

Innsending av spørsmål og innspel har vore kanalisiert gjennom; næreste leiar, verneombod, arbeidstillitsvald eller anonymt om dei hadde ynskje om det. Det var viktig at alle skulle verta høyrte. AMU meiner dei tilsette har fått rikeleg høve til å koma med spørsmål og innspel gjennom denne perioden.

### **Spørsmål til arealanalysen**

Spørsmål har vorte sendt til HFK ved opplæring og eigedom. Svar frå HFK på spørsmål til sjølve rapporten (arealanalysen til Norconsult) har vorte lagt ut på «Arealanalyse» - ITSL.

### **Innspel frå tilsette**

AMU sette opp ei samla oversikt over innspela til tilsette fordelt på fordeler og ulemper ved dei tre alternativa. Av «personverngrunnar» valde AMU at berre to medlemer i AMU skulle lese alle innspela og samanfatta dei. Dette er lagt ved som vedlegg.

Kommentar til dette vedlegget:

Momenta må sjåast på som eit «rådokument» der dei ulike momenta er henta direkte frå tilsette si tilbakemelding. Desse er ikkje drøfta, men er i enkelte høve skrive om for å samanfatta og anonymisera dei. Ein ser òg at mange av momenta for dei tre alternativa lett kan tilbakevisast grunna ulike grunnar, men dette er ikkje gjort på noko måte (innspel er teknisk med uavhengig av karakter). Det var lagt vekt på at alle innspel skulle ha like stor betydning. Mange innspel som er spela inn kan ha same betydning for begge alternativ utan at det er sett opp på begge. Vidare kan ein sjå at mange innspel som vert framheva som fordel for det eine alternativet naturleg vert ei ulempe for eit anna alternativ utan at dette er skrive inn i momentlista.

### **3. Oversikt over fordeler og ulemper ved alternativ A, B og 0**

AMU har her sett opp ei oversikt over fordeler og ulemper for alternativa basert på rapporten (arealanalysen), spørsmål og innspel frå tilsette (vedlegg1). Då ein del av dei innspela momenta gjeld både alternativ A og B vart oversikta delt i to; Ein fellesdel og ein del som omtalar dei tre alternativa separat.

#### **Moment som er felles for alternativ A og B**

- **Konkuransesituasjon/rekruttering**

Det er viktig at yrkesfaga har gode fasilitetar for å utøva relevant praksisopplæring slik at elevane også i framtida skal vera attraktive inn i arbeidsmarknaden som lærlingar og fagarbeidrarar.

Studieførebuande er svært konkurranseutsett mot andre skular.

For å rekruttera til skulen i framtida må ein ikkje gå ned i standard, men bli gitt høve til å vidareutvikla tilbodet ved skulen.

- **Pedagogiske moment:**

Alt. A og alt. B vil begge gje fordeler ved at ein får større fagmiljø for fellesfaga, lettare å organisera spesialundervisning/tilrettelegging.

Det er monalege fordeler med å ha samla fellestenerester; kantine/bibliotek/IKT/rådgjevar/helsetenester og leiing mm. då dette gjev betra tilgang til tenestene for den enkelte elev og lærar. Ved alternativ A vil ein ha ulempe med delvis deling av desse tenestene. Dette gjeld at avdelingsleiar for programfaga (TIP og elektro) må vera på denne avdelinga delar av veka og det må vera eit eige kantinetilbod for elevane på programfagdagar.

Elevane vil uansett løysing (A eller B) ha fordel av å vera samla i større elevmiljø enn ved dagens ordning. Det vert lettare å gjennomføra elevaktivitetar som elevrådsarbeid, miljøtiltak, og diverse elevarrangement. Merk at for alternativ A vil elevane på TIP og elektro ikkje vera samla med dei andre på programfagdagane, noko som kan føre til mindre tilhørsle og svekka rekruttering.

- **Økonomi**

AMU ser at det er ulikskap i ombyggings- og investeringsbehovet for dei 3 alternativa (A, B og 0). AMU vel å ikkje kommentera dette.

## Kort beskriving av fordeler og ulemper ved alternativ A, B og 0

AMU har i tabellane under begrensa seg til å oppsummera nokre av dei viktigaste fordelane og ulempene for kvart av alternativa og ikkje ta stilling til lokasjon. (Momenta er basert på rapport, spørsmål og innspel frå tilsette)

### A: Samling av all verksemd i Øystese, med unntak av store verkstader.

Fordeler	Ulemper
Bygningsmassen er stor nok og treng forholdsvis lite ombygging då ein allereie har store nok klasserom/kantine/bibliotek og gode spesialrom.	Alle tilsette og elevar er ikkje til ei kvar tid samla på ein stad når det er programfagundervisning dei 3-3,5 dagane/veke dette gjeld. Dette er særleg ei utfordring knyta til lærarane med tanke på å oppleva felles tilhøyrslle. Desse får for få kollegar å forholda seg til i kvardagen.
Skulebygget er kompakt og skapar naturleg nærliek mellom elevane, lærarane, fellesenester som kantine, bibliotek mm ved at ein kan gå innandørs mellom alle avdelingane.	Transportbehov av elevar på TIP og elektro dersom dei har delte dagar i Øystese og Nhs
Skulen ligg sentralt og har tilgang til hall og bane i gangavstand dei 4 dagane dette er i bruk. Vidare har ein gangavstand til samarbeidspartnarar; ungdomsskule, vekstbedrift, praksisplassar i barnehage, skule, aldersheim mm.	Elektrofaga er innteikna med lite areal i analysen både for alt. A og B. Dette er uheldig og må finnast løysing på.

### B: Samling av heile skulen si verksemd i Norheimsund

Fordeler	Ulemper
Alle er samla kvar dag på same lokasjon. Sikrar at alle elevar og lærarar er same staden dei dagane dei er på skulen. Leiinga er samla kvar dag.	Yrkesfaga får mindre areal enn i dag. Særleg vert elektrofaga ramma.
Lettare å gjennomføre FYR ved at teori og praksis er same stad. FYR er eit pedagogisk opplegg der ein trekkjer fellesfaga inn på ein naturleg måte i yrkesfaga. T. d ved å bruka ting som skjer på verkstadane i teorien i norsk, matematikk, engelsk mm	Manglande tilgang på hall og bane og andre fasilitetar i gangavstand. Transportbehov i samband med kroppsøving og idrett 4 dagar i veka (alle elevane i samband med kroppsøving og 80-90 elevar i samband med idrett).
Alle elevar får lik tilgang til idrettshall.	Skulen er delt opp i fleire bygg. Klasserom vert små og spreidde, og elevane får liten naturleg kontakt mellom timane. Lite areal til fellesfunksjonar som bibliotek, kantine mm. Plassering av kontor for elevtenester og lærarkontor ligg ikkje der elevane naturleg ferdast. Dårlege fasilitetar for realfag.

### 0-alternativet – lokasjon som i dag:

Fordeler	Ulemper
Ingen ombygging	Alle fellesenester må delast: bibliotekar, IKT, leiing, elevråd, helseosster, skulepsykolog, lege mm. Slik har me det i dag og tilgangen på tenestene er utilfredsstillande med denne organiseringa. Utfordringar knytt til organisering av skuledagen.
Ting er som før – ein kan ha fokus fram mot ny skule i 2027	Få elevar att ved avdeling Norheimsund under YFF periodar.

#### 4. Vedlegg: Samla innspel frå dei tilsette

##### Kommentar til dokumentet.

Dei ulike momenta er ei samanstilling henta frå innspela til dei tilsette. Soleis kan argument for eit alternativ sjåast på som eit argument mot eit anna alternativ. Vidare kan argument for/mot ha same tyding i dei ulike alternativa.

## Alternativ A.

**Samling av all verksemd i Øystese, med unntak av store verkstadar. Verkstadar til TIP, evt. Også EL, vert behalde i Norheimsund. Resten av bygningsmassa i Norheimsund vert fristilt**

Fordelar.	Ulempar.
<ul style="list-style-type: none"><li>• Positivt for avholding av fellesfag med rikholdig utvalg av lærarressurser.</li><li>• Enkelte elevar kan profitera på eit så lite skolemiljø.</li><li>• Lærarane kan få ein komprimert timeplan.</li><li>• Alle elevar vert samla enkelte dagar</li><li>• Oppleving av fellesskap når mange er samla på eit kompakt areal</li><li>• Administrativt ein fordel for både tilsette og elevar</li><li>• Samla leiing</li><li>• Elevtenestene lokalisert nær elevane</li><li>• Kort veg frå klasserom til fellesareal</li><li>• Lett tilgang til bibliotek som blir mykje brukt på STUPS</li><li>• Større bibliotek</li><li>• Rekruttering generelt</li><li>• Mindre transport</li><li>• Kort veg til idrettshall, bane, sandvolleybane og naturterrenge rundt som vert nytta i samband med idrett/kroppsøving</li><li>• Samarbeid med ungdomsskulen</li><li>• Gangavstand til det meste, idrett, praksisplassar dvs. barnehagar, sjukeheim, Hardanger AKS m.m.</li><li>• Dei elevane som ikkje er på YFF får eit meir fullverdig/større skolemiljø</li><li>• Gode moderne spesialrom</li><li>• Egna klasserom i høve til storleik og utfoming</li><li>• Standaren på bygget er betre,</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utfordrande å få til FYR-satsing med tverrfaglege prosjekt på tvers av yrkesfag og fellesfag.</li><li>• Vanskeleg å få samarbeidstid mellom fellesfaglærarar og programfaglærarar og med det yrkesretting av fellesfag</li><li>• Prinsippet om at fellesfaga skal tilpassast det enkelte utdanningsprogram blir vanskeleg å gjennomføre trass i at det er slått fast i forskrift til Opplæringslova §1-3 (<a href="https://www.udir.no/globalassets/upl/oad/fyr/rammeverk-fyr.pdf">https://www.udir.no/globalassets/upl/oad/fyr/rammeverk-fyr.pdf</a>)</li><li>• Elevane på yrkesfag misser struktur og fast tilhøyring til skulen, som kan føra til mobbing og vantrivnad dei dagane dei "er på besøk" i Øystese (B elevar)</li><li>• Vanskeleg å integrere yrkesfagelevane i skolemiljøet i Øystese når dei er der berre 1,5-2 dagar i veka.</li><li>• Lite fagmiljø med omlag 30 elever og 2 flaglærarar samtidig på ulike dagar yrkesfag.</li><li>• Flaglærar trenger kontor på begge avdelingane</li></ul>

<p>mindre ombygging</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lettare med å avvikle møter, til dømes klasselærarråd og andre samarbeidsmøte om elevar</li> <li>• Pedagogisk utviklingsarbeid på tvers i fellesfag</li> <li>• Tverrfagleg samarbeid i undervisninga på tvers av studieretningar/ klassar, HO, Psykologi, sosialkunnskap</li> <li>• Mykje lettare med tilrettelagt/ spesialundervisning, kan tilby meir</li> <li>• Kantina har større plass</li> <li>• Større tilgang på IKT enn i dag</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avdelingsleiar på yrkesfag blir mindre tilgjengeleg når han må delast på to stader</li> <li>• Få å samarbeide med i skulekvardagen for yrkesfag, og dermed lite fleksibelt</li> <li>• Manglar kantine på yrkesfag.</li> <li>• Opplæringstilbodet til TIP og Elektro vil verte svært forringa og Kvam vgs vil tapa i konkurranse med nærliggande skular med fare for at søkjartalet går ned.</li> <li>• Betydeleg mindre lokalareal for Elektrofaget</li> <li>• Endringar kan føre til at skulen mistar undervisningskompetanse i ein omstilling.</li> <li>• Kan føra til større transportbehov av yrkesfaglege elevar.</li> <li>• Skeiv kjønnsfordeling</li> <li>• Teoritunge undervisningsdagar</li> <li>• Auka risiko for meir fråvær i fellesfag, elevar sluttar, større fråfall.</li> <li>• Splitting av yrkesfaga når HO er på anna avdeling.</li> <li>• Svekking av lærarteamet rundt klassane noko som er sær negativt ved utdanning av profesjonelle fagarbeidrarar som kommune og næringsliv i Kvam treng.</li> </ul>
--	---

## Alternativ B.

**Samling av heile skulen i Norheimsund. Fristilling av heile bygningsmassen i Øystese**

Fordelar.	Ulemper.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mogleg med pedagogisk utviklingsarbeid på tvers av yrkesfag og fellesfag.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ueigna bygningsmasse</li> <li>• Usentralt, ungdomen vil vera sentrum nært</li> <li>• Endringar kan føre til at skulen mista undervisningskompetanse i ein</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>• FYR-arbeidet på yrkesfag kan takast opp att</li> <li>• Lettare å ha eit godt samarbeid og bygge team rundt klassane</li> <li>• Elevane vil høyre til ein fast plass med god struktur</li> <li>• Større miljø for elevane, fleire å bli kjent med</li> <li>• Jamn fordeling mellom kjønn i elevgruppa</li> <li>• Alle elevtenestene vert samla</li> <li>• Administrativt ein fordel både for tilsette og elevar</li> <li>• Eit elevråd</li> <li>• Lettare å skape forståing for kvarandre sine behov og situasjon</li> <li>• Økonomisk fordelaktig for verksemda.</li> <li>• Betre utnytting av dei pedagogiske ressursane.</li> <li>• Større fagmiljø for fellesfag</li> <li>• Alle elevar får tilgang til idrettshall</li> <li>• Nok verkstadsareal</li> <li>• God parkeringsplass</li> <li>• Stort uteområde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>omstilling.</li> <li>• Vil føra til større transportbehov av elevar innanfor kroppsøving, idrett og basseng</li> <li>• Har ikkje gangavstand til hall/bane, naudsynt for å klare konkurransen mot Framnes. Kan bli mindre attraktive.</li> <li>• Stort transport behov for elevar i HTH/STUSP som har arbeidstrening kvar veke</li> <li>• Utforminga av klasserom er därleg eigna for fellesfag</li> <li>• Spreidd i fleire bygg</li> <li>• Nærleiken til elevane vert liten</li> <li>• Dei fleste elevane frå avd. Øystese vil gå til eit därlegare tilbod</li> <li>• Manglar spesialrom</li> <li>• Kantina, bibliotek er for lite</li> <li>• Flytting av elevar mellom bygg er uheldig</li> <li>• Samarbeidet med ungdomsskulen vert vanskelegare</li> </ul>
--	---

## Alternativ. 0

Kvam Vidaregåande Skule opprettheld dagens ordning for yrkesfagleg utdanning og studiespesialiserande utdanning.

Fordeler	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ro i organisasjon</li> <li>• Pedagogisk «boltring» sidan me har så god plass/store areal</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• For mykje areal på avdeling Norheimsund, store kostnader.</li> <li>• At fellesfaglærar kan måtta</li> </ul>

forholda seg til to avdelingar med undervisning av elever.

- Mindre areal blir frigjort før ny skule vert etablert?
- Utfordring for dei som legg timeplanar for å finne samarbeidstid mellom fellesfaglærarar som pendlar mellom dei to avdelingane og programfaglærarar.
- Tungvint for lærarar som må undervisa ulike stader.
- Lite kontakt mellom personalet i dei to avdelingane og ikkje så lett å oppfatte seg som ein skule.
- Leiinga, elevrådet, bibliotek, kantine, IKT vert delt
- Lite fagmiljø på avd. Norheimsund for fellesfag
- Dårleg utnytting av ressursar, t.d spesialundervisning/tilrettelagt undervisning
- Svært vanskeleg å finna møtepunkt om elevar, og mellom lærarar

Oystese 05.12.2018

Ingvild Bakke

Ane Johnny Skjell

## Anmodning til overordnet arbeidsgiver Fylkesdirektører opplæring og Eiendom

Merknad til sak 52/18 i SBP møtet fredag 9.11.18 Kvam vgs. Framtidsplan.  
Norconsults plan, oppdrag nr. 5156444

Ser av rapporten til Norconsult at hensiktene med analysen å avklare mulig reduksjon i dagens arealbruk, Norconsult har laget analysen med tanke på kostnad av drift av et HFK eid skolebygg. Jeg vil gjerne bemerke at i SBP gruppen har dialogen rundt Kvam vgs. tatt flere hensyn, ikke bare drift og økonomi. Fremfor alt har arbeidsmiljøet vært i fokus. Som fylkeshovedverneombud har jeg ofte uttrykt bekymring for arbeidsmiljøet til ansatte og ledere når de er i to lokasjoner. Jeg har spesifikt bedt arbeidsgiver om å se på muligheten for samlokalisering. Begge verneombudene ved skolen har bedt om det samme. De har hatt en «de og oss» holdning som de ikke klarer å se noen løsning på, slik lokalisering er i dag.

I referat fra SBP møtet 13.4.2018 blir det referert til at der er initiativ om *samlokalisering* fra begge avdelinger. UDF (fagforening) i Øystese foreslår å flytte HO til Øystese, og fellesfag til Øystese. Norheimsund vgs. vil flytte alt dit. Konklusjon; en foranalyse, går til lokal drøfting, event. FUV.

I referat fra SBP møtet 8.6.2018 blir det igjen tatt stilling til *samlokalisering*. Der er store nok areal i Steinsdalen, men liten kantine. Eiendom ønsker å gå videre å detaljere kostnader. Det bemerkes at det er best for drift og pedagogikk å samlokalisere.

I referat fra 10.8.2018 blir det opplyst at skolen er informert om arealanalysen jfr. Diskusjon om *samlokalisering*.

I alle møter i SBP gruppen har vi snakket om lokalisering på *et* av de to stedene. Det er derfor uheldig at Norconsult nå anbefaler et alternativ som ikke er forenlig med *samlokalisering*, dvs. å ha alle ansatte under ett tak.

Jeg vil anmode arbeidsgiver å ta hensyn til arbeidstakernes, deres hovedtillitsvalgte, tillitsvalgte, verneombudene og Fylkeshovedverneombudets ønske om en samlokalisert skole. Selv om UDF for avdeling Øystese ønsket å flytte bare *de/er* av skolen, er det et stort antall ansatte representanter som ser at det vil bli vanskelig å få til et lettere samarbeid, og uheldig for arbeidsmiljøet hvis Kvam vgs. Skal fortsette å være på to steder. Det vil være segregerende for den «lille» avdelingen i Norheimsund, og de ansatte er redd for elevene vil bli segregerte også. Jeg har de siste dagene fått flere meldinger om bekymrede, redde, oppgitte og skuffede ansatte på avdeling Norheimsund. De er nå livredd for å «bli sittende igjen alene» tre dager i uka, i verkstedhaller som blir mindre og mindre fylt opp av elever, da disse ikke vil søke linjene som vil fremstå som et B alternativ, til «hovedskolen». Likeens vil de sitte alene igjen i en spøkelses skole uten andre funksjoner enn noen få yrkesfaglærere i praksis. Sitat slutt.

Jeg ber overordnede direktører tenke nøye igjennom hvilken innstilling de vil gi politikerne som skal avgjøre denne saken. Vi som jobber med arbeidsmiljø på fulltid, ser med stor bekymring på arbeidsmiljøet til de få ansatte som må bli igjen i dalen. Ni år er en lang tid å gå der alene.

Mvh. Jorunn B Johannessen  
Fylkeshovedverneombud

**Fra:** Eivind Storli (Eivind.Storli@hfk.no)

**Sendt:** 11.01.2019 11:48:41

**Til:** Odd Bjarne Berdal; Svein Leidulf Heggheim

**Kopi:**

**Emne:** Samlokalisering av Kvam Vidaregåande Skule.

**Vedlegg:**

I forbindelse med prosessen om å se på løsninger for samlokalisering av Kvam Vidaregåande Skule, ønsker jeg som HTV for SL å uttale meg i saken. Jeg vet at dere har mottatt et skriv fra ATV-ene i SL, NITO og NSF. Der de rangerer de tre alternativene som har kommet frem i prosessen. Jeg støtter det som kommer frem i skrivet. Jeg har en god dialog med HVO Jorun Bakke Johansen her på fylket. Og jeg deler hennes syn i at en må ha som visjon om å kunne plassere den nye skolen på samme geografiske område. Argumentasjonen for hvorfor dette er viktig kommer godt frem i skrivet fra ATV-ene. Det er viktig blant annet for tilbudet den eventuelt nye skolen kan gi elevene, for det pedagogiske og faglige samarbeidet blant kollegaer og for arbeidsmiljøet. Jeg ber derfor at dere tar hensyn til dette i den fremtidige prosessen i å etablere den nye skolen i Kvam.

Med vennlig hilsen

Eivind Storli

Leder og hovedtillitsvalgt

Skolenes landsforbund

forening vgs Hordaland

Mobtlf: 971 68 650

Epost: [Eivind.Storli@hfk.no](mailto:Eivind.Storli@hfk.no)

<http://www.skoleneslandsforbund.no/>



Hordaland fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga v/ Odd Bjarne Berdal  
PB 7900  
5020 BERGEN

12.02.2019

#### UTTALE FRÅ INFO- OG DRØFTINGSMØTE 08.02.2019 VEDKOMANDE «ALTERNATIV 4»

Kvam vidaregåande skule hadde saka oppe på info- og drøftingsmøte fredag 8. februar 2019. Organisasjonane la fram sine syn. Rektor prøvde å få til ein samlande uttale frå organisasjonane, men dette let seg ikkje gjer.

Uttale frå organisasjonane ligg her som vedlegg.

Mvh

Ingebjørg Bakke

Rektor



Tlf.: 98680516

Epost: [ingebjorg.bakke@hfk.no](mailto:ingebjorg.bakke@hfk.no)

## **Uttale frå klubbane i Akademikerne og Utdanningsforbundet (UNIO)**

Klubbane ser det som positivt at fylket ynskjer å forsera bygginga av ny vidaregåande skule i Kvam. For dei tilsette er det viktig å verta inkluderte prosessen vidare og at dei føler eit eigarforhold til prosjektet. Me ser derfor fram til å få delta i planlegging og utforming av den nye skulen, og til å samarbeida om gode løysingar i overgangsperioden fram til ny skule er på plass.

Konklusjon: Klubbane støttar at dette alternativet vert utgreidd og håpar at det samstundes opnar for ei forsering av neste byggetrinn slik at tidsperioden skulen er delt i to avdelingar vert så kort som mogleg

Tormod Lunestad

- Tillitsvald Akademikerne –

Oddbørn Berge

- Tillitsvald Utdanningsforbundet –

Norheimsund 08.02.19

**Uttale frå arbeidstakarorganisasjonen Skolenes Landsforbund SL, kring spørsmål til Odd Bjarne Berdal om at det vert starta sonderingar på nytt alternativ tilsvarende Øystese alternativet. Der praksisdelen til EL og TIP skal vera i Steinsdalen som med Øystese løysinga.**

«Til alle tilsette ved Kvam vgs

*Med bakgrunn i dei utredningane som Norconsult har gjennomført og dei tilbakemeldingane som er kome frå dei tilsette og vernetenesta ved Kvam vgs, vil eigedomsavdelinga saman med opplæringsavdelinga også vurderer om eit nytt alternativ er mogleg:*

*Alternativet er tilsvarende som Øystese alternativet, men for praksisdelen til EL og TIP som med Øystese løysinga skal vera i Steinsdalen, så startar ein straks arbeidet med å finna ein permanent løysing sentralt i Norheimsund. Å etablert ei permanent løysing i Norheimsund vil truleg krevja ein reguleringsplan, så den midlertidige løysinga med å vera i Steinsdalen kan ta 3 år. Å byggja lokalar for EL/TIP først vil krevja ein investering på minimum 75 mill kr, så saka må då til fylkestinget.*

*Vi vil difor informerer skulen om at det vert starta sonderingar på om dette er ei mogleg løysing.*

*Skulen gjennom AMU og lokalt ID inviterast til å uttale seg om dette alternativet seinast innan: 12.02.19»*

I og med at dette forslaget kjem på bordet er yrkesfaglærarane ved avd. Steinsdalen ikkje vorte høyrte i tidlegare uttalelse frå arbeidstakarorganisasjonane Skolenes Landsforbund, SL, Norges ingeniør og teknologorganisasjon, NITO, og Norsk Sykepleierforbund, NS. Det er ikkje teke omsyn til dei attendemeldingane som kom frå yrkesfaglærargruppe. I høyringsuttalen gjorde me greie for konsekvensar for det psykososiale arbeidsmiljøet både for elevar og lærarar. Me peika også på negative pedagogiske konsekvensar ved framleggelsen. Dette kan me ikkje sjå at er teke omsyn til i det nye framleggelsen. Me ser og med undring på kvifor det ikkje er starta sonderingar på om det opphavelege spørsmålet om samlokalisering i Steinsdalen eller i Øystese er ei mogleg løysing.

TIP og EL vert like utanfor som ved dette forslaget som ved tidlegare forslag 4.1 i Norconsult sin rapport. Skilnaden er at ein vert lova nye lokale etter 3 år. Splittinga av yrkesfaga og utanforskapen for elevane vil ved vara heilt fram til samlokalisering i 2027. Etter 3 år vil elevane på TIP og EL tillegg få ei belasting med at undervisningsmiljø vert meir eller mindre prega av at dei skular på ein byggeplass.

Det er svært positivt at Hordaland Fylkeskommune vil investera minimum 75 mill kr. i nye lokale for TIP og EL, som ein start på den ny samlokaliserte skulen i Kvam. Det er ikkje bygningane som er viktige, men menneska i organisasjonen, elevane og lærarane i relasjonelle samhandling. Fellesskapen vert splitta og det vil opplevast utanforskaps for ei gruppe av elevar og ei gruppe av lærarar. Det nye framleggelsen hjelper ikkje den pedagogiske drifta fram til samlokalisering i 2027. Kvam VGS avd. Norheimsund har eit svært godt skolemiljø som me ynskjer å ta vare på i ein samla yrkesfagleg organisasjon saman med fellesfag lærarane og støtte funksjonane til elevane.

Me har tolka alternativet som ei splitting av yrkesfaga og planlagt utanforskaps for TIP og EL, yrkesfaglærarane i SL stiller seg ikkje bak ei slik løysing. Skolenes Landsforbund, SL stiller seg bak og støttar eit forslag om samlokalisering, alle under eit tak. Får ein ikkje det til må skulen drivast som er i dag med HO, TIP, EL og fellesfag i Steinsdalen. To sjølvstendige einingar i eit administrativt fellesskap.

Olgar Neteland, Skolenes Landsforbund SL.



Hordaland fylkeskommune

v/Odd Bjarne Berdal

kopi til: Guro Kjellerød Og Roald Orvedal

Dato: 6. februar 2019

**Uttale til Arealanalyse Kvam vidaregåande skule – nytt alternativ januar-19» frå AMU ved Kvam vidaregåande skule**

AMU har på møte 5.februar handsama saka som var lagt ut på ITSL jan-19 i faget Arealanalyse med følgjande tekst:

«Alternativet er tilsvarande som Øystese alternativet, men for praksisdelen til EL og TIP som med Øystese løysinga skal vera i Steinsdalen, så startar ein straks arbeidet med å finna ein permanent løysing sentralt i Norheimsund. Å etablera ei permanent løysing i Norheimsund vil truleg krevja ein reguleringsplan, så den midlertidige løysinga med å vera i Steinsdalen kan ta 3 år. Å byggja lokalar for EL/TIP først vil krevja ein investering på minimum 75 mill kr, så saka må då til fylkestinget.»

Eit fulltalig AMU hadde saka til votering med to alternativ:

- JA, me ynskjer at HFK skal arbeida vidare med forslaget som er skissert eller
- NEI, me ynskjer ikkje at HFK skal arbeida vidare med forslaget som er skissert

AMU vedtok einstemmig:

**JA, me ynskjer at HFK skal arbeida vidare med forslaget som er skissert**

Venleg helsing

For AMU

**Gro Skeie**

Verneombod og leiar i AMU

[groske@hfk.no](mailto:groske@hfk.no)

Tlf 47384941